



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 20.10.20.

Møtebok Kyrkjebø Sokneråd

Møtedato: 15.10.20.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen og Ellinor Henjesand Austreim. Sokneprest Andreas Ester melde forfall, og Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sturla Bell Fossen beklaga at det var to saksdokument som ikkje vart sendt ut i forkant av møtet – slik som førespegla. Elles var det ingen merknader.

Godkjenning av referat frå møtet 17.09.20.

Det var ingen merknad til referatet.

Sidan sist.

Soknerådsmedlemmane tok ein gjennomgang på kva kyrkjelege hendingar som hadde funne stad i soknet/nabo sokn den siste tida: Irene Aase Aarseth og Sturla Bell Fossen hadde vore på arrangement/kyrkjekaffi i Førde i høve prosteskifte. Kari Henny Dale hadde vore på møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd. Kari henny Dale, Aud Kjersti Haugen og Sturla Bell Fossen hadde vore kyrkjevertar i konfirmasjonane på Kyrkjebø kyrkje 13. og 19. septemner.

Postlista.

Sturla Bell Fossen hadde ikkje motteke post. Så det førelåg pr. møtedato inga postliste å gå gjennom.

Årshjulet.

Årshjulet vart oppdatert ved førre soknerådsmøte 17.09.20.

Soknepresten har ordet.

Soknepresten hadde meldt forfall.

Meldingssaker:

000023 Kyrkjebø kyrkjelydshus – orientering ved Finn Trædal.

Finn Trædal orienterte om status for Kyrkjebø kyrkjelydshus pr. dags dato. Huset er lagt ut for sal.

000024 Møtebok for HKF sitt møte den 08.10.20.

Sturla Bell Fossen orienterte om vedtak i HKF sitt møte den 08.10.20.

- 000025 Ny grunnordning for gudsteneste – orientering v/soknepresten.**
P.g.a. soknepresten sitt forfall, vart ikkje denne saka handsama.
- 000026 Kyrkjebø sokn – rekneskapsrapport pr. 30.09.20.**
Sturla Bell Fossen orienterte om rekneskapsrapport for Kyrkjebø sokn pr. 30.09.20.
Kyrkjebø sokneråd har teke rekneskapet til etterretning slik som det føreligg no.
- 000027 Gravplassane og kyrkja – innspel til vedlikehald og utbetringar.**
Soknerådet gjev leiaren i oppdrag å avklare med kyrkjevevja praktiske løysingar og kostnader dei tiltaka soknerådet drøfta vil medføre. Arbeidet bør – om mogeleg – utførast tidleg i 2021.

Vedtaksaker:

Sak 0022/20 Biskopen sine utfordringar – svarbrev.

Vedtak: *Soknerådet gjev presten og soknerådsleiarane fullmakt til å utforme og sende svarbrevet til biskopen.*

Sak 0023/20 Innhald i gudstenestene framover.

Vedtak: *Eit tiltak som vil verte utprøvd i Kyrkjebø kyrkje, er forsongargruppe 15.11.20.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim
Sekretær